



## **OSELVARKLUBBEN**

### **Referat frå Årsmøte i Oselvarklubben 27. januar 2008**

Årsmøte i Oselvarklubben for 2007 vart halde i Mildenøstet sundag 27. januar 2008.

Tilstade: 13 frammøtte, alle godkjende medlemmer.

Leiar Finn Totland opna årsmøtet kl. 17.15 og ynskte dei frammøtte vel møtt.

#### **A. Godkjenning av frammøtte medlemmer**

Då det ikkje stod saker på dagsorden som krevde godkjenning av frammøtte medlemmer vart ikkje dette gjennomført.

#### **B. Godkjenning av innkallinga**

Det var ingen merknader til innkallinga

#### **C. Sakliste:**

##### **Sak 1. Årsmeling 2007**

Finn Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader.

Det var nokre små merknader på side 4, 5, 7, 11 og 12. Dette vert korrigert i den godkjente årsmeldinga, som vert sendt ut saman med årsmøtereferatet.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend og vedteken.

##### **Sak 2. Årsrekneskap 2007**

Kasserar Kjell Milde gjekk i gjennom regnskapet som synte eit gledeleg overskot på over 14 000 kr. Det vart vidare forklart kvifor og korleis regnskapet til boka Oselvaren – den levande båten er skilt ut som eit eige rekneskap. På dette rekneskapet er det i 2007 eit underskot på nesten 36 000 kr. Kjell Milde las vidare opp merknad frå revisor som konkluderte med at rekneskapen gav et riktig bilde av Oselvarklubbens økonomi og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Det vart elles stilt spørsmål kring bokprosjektet med tanke på opplag og økonomi som leiar Finn Totland gav svar på.

Årsrekneskapen vart samrøystes vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

### **Sak 3. Framlegg frå styret**

Til årsmøtet hadde styret kome med følgjande framlegg:

*«KM Oselvar 2008 integreres i Båtlaget Njord/Tysnes sin sommerregatta lørdag 28. og søndag 29. juni 2008. Det seiles KM i Oselvar bermudaklasser for seg og i Oselvar spriseil for seg. Oselvarklubbens Respittsystem benyttes for bermudaklassene. 2 eller 3 seilaser på bane lørdag. En noe lengre seilas på faste merker søndag.»*

Styret si grunngjeving for framlegget:

*For å sikre at minst 5 båter stiller tilstart under KM, slik at gyldig KM sikres, foreslår styret i Oselvarklubben at de bermudariggede Oselverne seiler KM på respitt basert på Oselvarklubbens Respittsystem. Da burde det være mulig å unngå at KM, som i år, ikke ble gyldig p. g. a. for liten deltagelse. Siden KM foreslåes integrert med N/T's Sommerregatta må spriseilklassen også ges anledning til å seile KM samtidig.*

Ordskiftet rundt dette avslørte ein viss skepsis til framlegget, dette handla både om å bruka respittsystemet og at spriklassen skulle få KM-status. Det vart vidare påpeikt at ein måtte avklara detaljane i dette arrangementet med arrangøren Båtlaget Njord/Tysnes. Styret fekk fullmakt til å arbeida vidare med framlegget.

### **Sak 4. Innkomne framlegg**

Det var ingen innkomne framlegg.

### **Sak. 5. Val**

Leiar Finn Totland gav årsmøtet eit tilbud det ikkje kunne seia nei til, nemleg gjenvallg på alle postar. Årsmøtet svara med applaus.

### **Dette vil seia fylgjande samansettning i 2008**

<b>Styret:</b>	Leiar: Finn Totland Nestleiar: Magnus Stangeland Skrivar: Kjell Magnus Økland Kasserar: Kjell Milde Styremedlem: Terje van der Meeren Styremedlem: Kjell Totland Varamedlem: Svein Økland
<b>Revisor:</b>	Egil T. Pedersen
<b>Målekomite:</b>	Kjell Totland Finn Totland Jan-Erik Christophersen Stein Olav Drange Svein Økland
<b>Bokkomite:</b>	Finn Totland Knut Olav Pedersen Kjell Milde Kjell Magnus Økland

Møtet vart heva kl. 18.25

# **Referat frå medlemsmøte i Oselvarklubben i Mildenøstet**

Møtet opna 27. januar 2008 klokka 1830

## **Sak 1. Presentasjon av Acta Finans**

Fyrst hadde Egil Skjoldsmo og Ketil Krantz frå finansrådgjevingsselskapet Acta ein halvtimes presentasjon av korleis selskapet kunne ivareta økonomiske interesser for kundane sine. Som godtgjersle for dette fekk Oselvarklubben 200 kroner per frammøtte medlem, i alt 2200 kroner. Dersom nokon av dei frammøtte nyttar høve til gratis rådgjevingstime hjå Acta, vil det dryppa yttarlegare kroner på Oselvarklubben.

## **Sak 2. Film frå gamle dagar**

Kjell Magnus Økland viste ein film som viste segling på Tysnes frå ulike årstal:

- 100 års jubileet til Bergens Seilforening i 1972
- Sommarregattaen til Båtlaget Njord 1959
- Sommarregattaen til Båtlaget Njord 1956

Ekstra artig var det her at ein av premievinnarane frå filmen, Harald Milde, var tilstades i salen.

## **Sak 3. Presentasjon av bokprosjektet Oselvaren – den levande båten**

Kjell Magnus Økland viste ein powerpoint presentasjon som viste korleis innhaldet i bokprosjektet Oselvaren – den levande båten vil verta.

## **Sak 4. Filmvisning Båtbyggjaren**

Filmen *Båtbyggjaren* frå 1956 vart vist. Filmen viser båtbyggjaren Ole N. Drange (1912-1993) byggja ein Oselvarfæring.

Møtet heva kl. 2000.

Nygårdsgaten 64, 29. januar 2008

Kjell Magnus Økland  
Skrivar